

Til veka skal formannskapet handsama den vidare satsing på Børnes industriområde.

**Rådmannen skal gjevast fullmakt til å selja areal for 130 kroner pr- kvadratmeter. Kommunen skal byggja infrastruktur inn i området og kostnadene knytt til dette skal på førehand dekkjast ved tomtosal
Kommunen vil også ta kostnader knytt til ei eventuell endring av reguleringsplanen**

Kommunen har spørsmål frå fleire firma om næringstomter i området. Då kommunen ikkje sjølv skal stå som utbyggjar, vil ei løysing vera å selja reine råtomtar som kan etablerast langs ny veg.

Ved ei stegvis utbyggjing vil ein truleg kunne opparbeida 15 mål nytt industriareal. Med eit første sal av 5 mål vil ein kunna byggja 50 meter veg inn i feltet

Frå den etablerte delen av området og fram til fylkesvegen er det att omlag 20 mål som er regulert til industri men ikkje tilrettelagt.

Av Ola Matti Mathisen